

Referat frå foreldremøte
Fellesdel med 1. og 2. klasseforeldre
Tysdag 5.september 2017
Tidspunkt; kl. 18.30-20.00

Halvårsplanen/ temaplanen:

Det er viktig at borna får vera aktive i innlæring av kunnskap. Då lærer dei best. Derfor drar me inn praktiske måtar å bearbeida informasjon på. Formidle, gjere, oppleve, bearbeide. Vis verkstadbok og naturdagbok.

Verkstadspedagogikken: OBS Det kjem kanskje heim ting som ikkje er vakre, men det har føregått ein prosess og aktiv problemløysing. Dette er ein arbeidsform der borna skal arbeide praktisk enten med sand, leire, klossar eller mjuke/ harde materiale. Dei skal utforme noko i tråd med det temaet me held på med.

Uteskule: Uteskule er fysisk aktivitet, leik, sosialisering, vennskap, verta glad naturen, verne om naturen, naturfagkunnskap, bearbeiding av tema ute..

Skulen si heimeside:

De finn skulen si heimeside på www.mykingskule.no Her finn de det meste av opplysninga kring lovar, reglar, skjema de har bruk for.. Sjekk denne!

Referat foreldremøte for 2.klasse.

Informasjon om dagsrytme og rutinar i klassen:

Pultanae er plassert er i «hestesko». Me ser kvarandre når me snakkar, lett å samarbeide 2 og 2, det lov å spørje naboen om hjelp viss lærar er opptatt. Sosialt, skaper felleskapsfølelse. Me skiftar plassar kvar ny månad.

Me gjekk gjennom klassereglane, dagsplanstrimlene, ordensmannssystem. God arbeidsro og arbeidsinnssats i klassen.

Informasjon om norsk og mattefaga. Kva er dei viktige satsingsområda framover?

Norsk:

Lesing: Fasen me er i no, er mellom fonologisk og ortografisk stadie. Gjenntatte øvingar på den same teksten, gjer at orda lagrar seg. Derfor lese fleire gongar. dette er arbeid som lærar treng hjelp av heimen til.

Me jobbar med høgfrekvente ord. Hugsar de lista dei las på i slutten av 1. klasse? Desse orda skal dei også kunne skrive rett etter kvart. Dei skal også kunne hente ut innhald og svare på spørsmål i tekst dei har lese. Dei skal kunne reflektere over lesen tekst. Sjå på bilerter i tekst og tekst i marg. Forske på teksten.

Skriving: Dei skriv store bokstavar i skrivesituasjonar fram til dei beherskar samanhengande skrift. Dette skjer utpå våren ein gong.

Me gjekk gjennom prosedyre for innlæring av lykkjeskriftbokstav. Mykje øving er viktig for å gå opp nye spor i hjernen, og automatisera skrifta. Derfor heimelekse..

Matte:

I matte er satninga framover og kunne lese, skrive og samanlikne tal opp til 100.

Kunne telja med 1, 2 , 5 og 10 i slengen opp til 100. Også baklengst. Løysa pluss og minus stykker i dette området.

Litt om multi: Den lagar oppgåver der borna skal forstå kva me held på med. Ikkje mekanisk drilling.

Men det trengs også. Dette er ting som kjem på lekseplanen.

Td. Øv tiar venner, tel med 2, 5, 10 i slengen, tel baklengs..

Pluss stykker som skal automatiserast. Den vesle addisjontabellen. Dette starta me med i første klasse..

Me samtalte om eiga vurderinga som står på planen. Lærar har i ettertid forma meir målbare mål og har skrive på planen at eleven vurderer seg saman med ein vaksen heime.

Bodil